



Bergslia barnehage - ÅRSPLAN 2024-2025



Liten barnehage - store moglegheiter

Bergslia - på lag med barna

Kjære foreldre og tilsette i Bergslia barnehage

21 barn på avdeling Hakkebakken(3-6 år) og 15 barn på avdeling Marihøna(0-3 år) har no funne sin plass i vår barnehage. Å høyre til og inkludere er ein viktig verdi i livet vårt. Barnehagen er ein del av utdanningsløpet, og gjennom vår kompetanse og kunnskap skal vi støtte barnet i si utvikling. Viktigheita av å verte sett, møtt og høyrte kjem tydeleg fram i Forventningsbrevet 2024 frå Statsforvaltaren. Barnehagen for ei ny tid **“å forstå di tid”**- legg også særleg vekt på psykisk helse for barn og unge, og eit barnehagemiljø som til ei kvar tid er trygt, godt og inkluderande.

Vi skal ruste barn godt nok til å meistre livet sitt - åleine og i fellesskapet. Trivsel og å oppleve livsmeistring skal førebygge krenking og mobbing. Vi er stolte av mangfaldet i barnehagen og arbeider for å synleggjøre og verdsette at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Respekt for kvarandre er avgjerande for at alle skal finne sin plass i fellesskapet.

«Rammeplan for barnehagar» legg tydelege føringer for kva verdigrunnlag barnehagen skal bygge på. Å møte barnet sitt behov for omsorg, tryggheit, og anerkjenning og sikre at barna får ta del og medverke i fellesskapet er viktige verdiar som skal gjenspeglast i barnehagen.

Vi som er vaksne rundt barnet har ansvaret for å sjå barnet og bygge gode relasjonar. Samt vere gode rollemodellar i å inkludere både i leik, aktivitet og skape gode sosiale relasjonar.

«Det er vårt mål at barn og foreldre til ei kvar tid skal føle seg velkomne, ivaretekne og respekterte her hos oss». Vi er bevisste på at vi vil ha god kvalitet på det barnehagetilbodet vi gjev.

Bergslia barnehage sin årsplan viser korleis vi konkret set verdiane ut i praksis og du finn kva satsingsområde vi jobbar med.

Ved å la barna få verte kjende i sitt nærmiljø, ferdast i den flotte naturen og lære om heimstaden vår så vil vi la barna få verte stolte og trygge “Herøyværingar”.

Vi ønsker alle eit fint år med stor utvikling og trivsel der alle kjenner seg varmt inkluderte. Saman skapar vi trygge robuste barn og ein god barnehage.

God helsing frå oss i Bergslia

Mvh Monica, Lone, Ann-Jorunn, Victoria og Sølvie.



Innhaldsliste:

Lokal rammeplan for Herøy	s 4
Opningstider, planleggingsdagar	s 4
Trefftider PPt, tverrfageleg team	s 4
Cos sirkelen	s 4
Kontaktinformasjon	s 5
Personalet	s 5
Samarbeidsutvalet	s 5
Bergslia sin visjon	s 6
Korleis gir vi barna ein god barndom	s 6
Pedagogisk arbeid - være sammen	s 7
Satsingsområde	s 8
Språk og kommunikasjon	s 8
Relasjonskompetanse – vennskap	s 9
Livsmestring – trygt og godt barnehagemiljø	s 11
Danning – Robuste barn	s 11
Sjølvregulering	s 12
Følelser som hovudtema	s 12
Livet og sånn	s 12
Ny mobbelov – inkludering	s 15
Typiske trekk ved dei ulike aldersgrupper	s 16
Berekraftig utvikling	s 17
Marihøna	s 17
Hakkebakken	s 19
Førskulegruppa	s 22
Overgangar	s 23
Dokumentasjon	s 24

Årsplan

Årsplanen bygger på ”lov om barnehagen med føreskrifter”, ”Rammeplanen” og ”Lokal rammeplan for barnehagane i Herøy”. Bergslia har to hovudplanar; ein 4 årsplan som tek føre seg det generelle i barnehagen og denne planen som legg vekt på det vi jobbar med spesielt dette året. Planane vert godkjend av samarbeidsutvalet ved barnehagen i slutten av september. Foreldra får kome med innspel gjennom skriftelege evalueringar på våren.

Årsplanen skal vere eit:

- Arbeidsreiskap for personalet og styre innhaldet i barnehagen.
- Utgangspunkt for samarbeid med foreldra.
- Informasjonsdokument til eigar, politikarar og andre interesserte.
- I tillegg til Årsplanen så sender vi ut månadsplan og brev. Vi skriv i Vigilo appen, på Facebook og gjennom mail med informasjon og dokumentera barnehagedagen.

Rammeplan for barnehagane i Norge

I 2017 kom ein ny rammeplan for alle barnehagane i Norge. Den forpliktar barnehagen si verksemd, daglege praksis og gir føringar over innhald og oppgåver. Personalet har jobba nokre år med å implementere planen i praksis og la den bli ein del av den enkelte si yrkesutøving i barnehagen vår. Det er vårt viktigaste styringsdokument og du kan lese planen på www.udir.no/rammeplan

Lokal rammeplan for Herøy 2024 - 2028

Planen set fokus på mål og innhald for alle barnehagar i Herøy. Den er eit utgangspunkt for oss i utarbeiding av planar og sikrar variasjon og prosesjon i innhaldet i barnehagen. Vi i personalet arbeider no spesielt med kompetanseheving i språk der det er spesielt fokus på språk i kvardagen og «alternativ supplerande kommunikasjon» (ASK). Lokal rammeplan viser til at Herøybarnehagane skal stå for kvalitet og den er styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving.

Satsingsområde for dei neste åra er:

1. Livsmestring
2. Relasjonskompetanse
3. Språk og kommunikasjon.

Opningstider

Alle kvardagar frå kl.06.45-17.00 (eller etter avtale og behov). I romjula er barnehagen stengt, samt onsdag før skjærtorsdag i påskeveka. Behovet avgjer om det er opent heile sommaren eller stengt i ei eller to veker.

Planleggingsdagar

Alle barnehagane i Herøy kommune har 5 planleggingsdagar i året. Barnehagen er då stengt. Desse er i år: 16.august, 18.oktober, 2.januar, 14.mars og 30.mai.

Trefftider PPT, tverrfagleg team, støttepedagog og spesialpedagog

PPT har trefftider i Bergslia. Dette for å følgje opp barn med behov samt gi råd og vegleiing til personale og foreldre. Det er eit team med fagpersonar frå PPT, barnevern og helsejukepleiar som møtast to eller fleire gongar i året ved behov. I dette teamet kan foreldre og barnehage diskutere utfordringar ein står i.

Circle of security – COS/Tryggheits sirkelen

Dette er eit verktøy som byggar på tilknytings teori og forsking, der det er fokus på å bygge trygge, gode og sterke relasjoner mellom barn og vaksne i barnehage. Tryggheits sirkelen er eit ”vekart” for kva behov barnet har, kva signala betyr og kva vi kan gjøre for å møte barna betre i deira behov. Herøy kommune tilbyr også foreldrekkurs i COS. Informasjon om dette vert sendt ut til alle foreldre ved start av barnehageåret. Vi har dei siste to åra hatt ein del foreldre som har saman med personalet tatt Cos kurs.

Kontaktinformasjon

Styrar/dagleg leiar: Monica Kvalsund. Mobil: 994 646 56.
Besøks- og postadresse: Lisjebøvegen 37, 6091 Fosnavåg.
Epost: monica.kvalsund@heroy.kommune.no / bergslia.bhg@heroy.kommune.no

Telefon:

Hakkebakken: 488 94 143
Marihøna: 481 55 036

Personalet i Bergslia

MARIHØNA	0-3 ÅR		HAKKEBAKKEN	3-6 ÅR	
Sølvi Møller Hjelmeseth	Ped. leiar	100 %	Lone Seljeset	Ped.leiar	100 %
Victoria Myklebust	Pedagog	100 %	Ann-Jorunn Hammervold	Ped.leiar	80 %
Anja Petersen	Assistent	80 %	Lena Vike	Fagarbeidar	80 %
Anne Lise K. Kvalsund	Fagarbeidar	80 %	Ann-Kristin T. Smådal	Assistent	60 %
Iryna Miroshnichenko	Assistent	40 %	Monica Kvalsund	Pedagog	20 %
Maria Myrholt	Assistent	80 %	Eija Sofie Moltu	Lærling	100 %

Studentar frå Høgskulen, elevar frå grunnskule og vidaregåande skule samt lærling har praksis hos oss og det er viktig med tanke på rekruttering til barnehageyrket. Vi har også henvending frå Furene og Nav innimellom om både språkpraksis og arbeidsparksis.

Samarbeidsutvalet 2024 - 2025

Eigar - Kommune:	Maria Sporstøl Leine	
Foreldre:	Mathea Paulsen	
	Mathilde Baade-Whittendale	
	Rachel Rekkedal	
Personalet:	Maria Myrholt	
	Monica Kvalsund	

S.U skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Her sit representantar frå eigar, personale og foreldra. S.U har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til brukarane (barn og foreldre).

Mangfold i barnehagen:



Vi har barn i barnehagen med ein eller begge foreldre frå England, Syria, Eritrea, Kroatia, Litauen saman med norske.

Bergslia sin visjon

**Liten barnehage - store moglegheiter.
BERGSLIA - PÅ LAG MED BARNA.**

Vi har som mål at barn, foreldre og personale skal oppleve å vere ein del av ein barnehage med høg kvalitet. Gode dagar med høg trivsel, der vi er på lag med barna. Barna si utvikling og trivsel er vårt viktigaste fokus. Bergslia ønskjer å bidra til at kvart enkelt barn skal oppleve å lykkast i eit liv og få ein god barndom.

Korleis gir vi barna ein god barndom?

Dei autoritative vaksne er så nære at vi kan:

- «Sjå meg» ved å gje meg eit smil og eit klapp på kinnet, då vert eg glad.
- Lytte til meg, når eg vil fortelje deg noko eller vil at meininga mi skal bli høyrt. Kanskje eg treng at du snakkar med mamma eller pappa om det som er vanskeleg for meg.
- Anerkjenne meg, slik at eg veit at du har sett eller høyrd det eg vil fortelje eller vise deg.
- Støtte og vise omsorg når eg er sint eller trist, då treng eg av og til eit fang eller berre litt tid i lag med deg.
- Reflektere i lag med meg, slik at eg kan ta dei rette vala.
- Rettleie meg når eg treng det, slik at eg øver på korleis eg skal oppføre meg på best mogleg måte. Når du gjer dette, veit eg at du bryr deg om meg. Dette vil gje meg styrka sjølvkjensle gjere meg trygg.

Ein god barndom i lag med authoritative vaksne

Du som kjem til barnehagen skal oppleve at eg som voksen vil:

- Smile og «å sjå deg», når eg tek i mot deg om morgonen
- Vise ekte varme og glede for å sjå akkurat deg
- Vise omsorg, ved å ta omsyn og lytte til dine behov
- Rose deg for det du prøvar og meistrar
- Oppmuntre og anerkjenne gode handlingar som du gjer overfor andre
- Stille realistiske krav og forventningar til deg, slik at du kjenner meistring
- Gje deg tydelege beskjedar om kva du skal gjere og ikkje gjere
- Leike i lag med deg og støtte deg i utforskinga av verda rundt deg
- Gjere meg kjend med kva du er interessert i og kva du er god på
- Syte for at du får tid til roe ned med ei bok, eit spel eller kvile i sofakroken
- Hjelpe deg til å få og å verte ein god leikeven
- Eg vil at du skal stole på meg og kjenne deg trygg på at når du treng ein å prate med eller er lei deg for noko, skal eg lytte og trøyste deg.

I Bergslia barnehage vil du møte vaksne som:

- Gir rom for leik og eit variert leiketilbod
- Er lyttande og tilstade
- Hører og respekterer barna sine meiningar
- Gir støtte til å klare sjølv
- Anerkjenner deg for akkurat den du er
- Er på jakt etter positive situasjonar og framhevar dei
- Er ein autoritativ voksen som er omsorgsfull, viser ekte interesse og gir borna mykje varme.



Pedagogisk arbeid:

«Være sammen» er vår pedagogiske forankring og har eit tredelt innhald



Autoritativ vaksen

Vi har sidan 2017 jobba med vår pedagogisk plattform som tek utgangspunkt i «Diana Baumrind» sin teori om vaksenstilar. Ho seier noko om eit godt oppvekstmiljø for barn og gir dei vaksne ein modell å leve opp til. God oppdragelse er knytt til balansen mellom å vise kontroll og varme overfor barn. Baumrind kallar dette for den «autoritative vaksenstilen». Det handlar om å ta kontroll samtidig som du ser barna sine behov og motiv i ulike situasjonar samt gir leiing utifrå det. Den vaksne gir tryggheit og rammer. Verdigrunnlaget i løvelova skal gjennomsyre arbeid vårt og korleis vi møter oss sjølv og andre. Regnbogeløva er den samlande maskoten som er symbolet i "Være sammen". Den hjelper til i ulike situasjonar og brukast som eit pedagogisk samtaleverktøy.

Regnbogeløva viser oss der som er best å vere.



Dette betyr for oss i Bergslia:


- Å vere varme og grensesettande vaksne med krav og forventningar som svarar til barnet
si modning og evner.
- Å vise god omsorg (respekt, lytte, støtte, vere nær)
- Å hjelpe barnet til å ta gode val (barnet får medverke)
- Å hjelpe barnet til sjølvregulering

På relasjonsaksen handlar det om å ta perspektiv, leik, sensitivitet, "banking time", emosjonell støtte og skape positivt klima. **På kontroll aksen** handlar det om medverknad, krav til åtferd og å ha forventning til barna. Gripe inn og vere støttande ved grensesetting. Læring av barnehagen sine normer, tryggheit, beskyttelse og respekt. Den vaksne gir tryggheit og gode rammer, samt oppmuntrar og forsterkar det positive. Lyttar til barnet og viser respekt. Dei vaksne må sjå kva som må til for å vere den autoritative rundt barnet og investere i relasjonen. Det vert kalla for «banking time». Dersom relasjonen er på plass og i pluss så vil barnet lettare klare å sjølvregulere seg. Den autoritative vaksne grip inn med planlagde reaksjonar og er tydeleg på kva som ikkje er akseptert (t.d. mobbing). Kollegarettleiing er sentralt for å få til og verte ein autoritativ vaksen. Det er ei satsing i personalgruppa der dei vaksne reflektera over eigen praksis.

Kjernekomponentar i «være sammen»:

1. Tidleg innsats
2. Autoritative vaksne
3. Kommunikasjon og relasjonsarbeid
4. Handtering av utfordrande åferd
5. Implementere – er endring - få dette til i praksis.

«Være sammen» har stort fokus på relasjonen si betyding for barnet sitt sjølvbilde og tidleg normdanning. Dette veit vi er ein beskyttelse faktor mot negativ åferd og utesetjing/mobbing. Det er gjennom den varme, grensesettande vaksenstilen at barna føler seg trygge og vert sett for den dei er. Trygge barn som tek plass, og samtidig gir plass til andre-det er inkludering på sitt beste. Negativ åferd må avlærast tidleg i samspel med miljøet i barnehagen og heime. Forsking viser at tidleg negativ åferd kan bety utvikling av meir negativ åferd ved aukande alder. Barnet må få utvikle meir konstruktive måtar å løyse utfordringar på enn å utøve negative handlingar. Den autoritative vaksne vil møte åferda til barnet ved å utøve varm relasjonsbygging, gi ros og gode handlingar og vere tydeleg i situasjonar ved negative handlingar. Personalet hjelper barnet til å gjøre gode val ved å vere varme og tydelege vaksne.



"Være sammen" gjennom barnehageåret:

Barna:

- Fokus og tema om meg sjølv, venner og følelsar
- Fokus på leik og vennskap, og korleis ein invitera andre med inn i leiken. Øve på empati.
- Fokus på korleis vi er mot kvarandre. Øve på å snakke fint til kvarandre og gjere andre glade.
- Møte regnbueløva i samling og lære å reflektere over "løvelova" og kva den betyr for oss.

Personalalet:

- Fokus på vaksenrolla, varm og grensesettande, omsorg i samspel med medverkande barnet.
- Bygge gode og nære relasjonar til kvart enkelt barn.
- Gi kvart barn god sjølvfølelse.
- Bevisstgjering rundt kommunikasjon.
- Løvelova gjeld også for dei vaksne.
- Gripe kollegaer i å vere gode, løfte kvarandre fram.
- Fokus på god stemning. Har dei vaksen det kjekt - smitter det over på barna.

Satsingsområde

1. Språk og kommunikasjon

Rammeplanen er tydeleg på at personalet i barnehagen aktivt skal arbeide for å fremje barns språkutvikling. Heile barnehagedagen jobbar ein etter å vere bevisste vaksne som sett ord på alt ein gjer. Vi skal vere god på språkstimulering og utvikling for å aktivt kunne fremje barn si språkutvikling tidlegast mogleg. Språkutviklinga set grunnlag for den sosiale, kognitive, og emosjonelle utviklinga.

Språket er avgjørende for dei sosiale relasjonane med andre, vennskap, læring og for å kunne aktivt delta i samfunnet. I Bergslia har vi fleire barn med til saman seks ulike morsmål. Barna skal få utvikle språket best mogleg utifrå individuelle forutsetningar. Arbeidet med språk i barnehagen skal vere kunnskapsbasert, reflektert, planlagt, grunngjeve, organisert, målretta og heilskapleg. Pedagogisk og didaktisk refleksjon og samarbeid blir viktig, og personalet må tilpasse innsatsen og tilrettelegging av språkarbeidet ut frå både enkeltbarn og barnegruppa sitt behov.

Døme på arbeidsmåtar:

- språkutviklande samtalar og forteljingar
- bruk av språk i barna sine aktivitetar og opplevelingar
- språklæring gjennom leik
- bøker og språkleg bearbeiding av innhaldet
- arbeid med ord og omgrevsforståing.

Vi brukar språket ved å seie namn på alle ting i kvardagssituasjonar (måltid, påkledning, leikesituasjonar) og ved å beivist nytte omgrep som under, over og ved sidan av. Døme: «Kan du ta den rauda bilen som ligg under bordet?». Når barnet peiker på t.d. leverpostei jobbar vi med å få barnet til å seie namnet på leverpostei. All forsking seier at å lese til borna er viktigare for språkutviklinga enn at barnet får sitte med f.eks. iPad. Vi har faste dagar med språkgrupper, samt vi les bøker i forhold til temaet vi har til ei kvar tid. For språkfattige barn er eit godt tips å lese den same boka fleire gongar. Dette fordi då vil barnet etterkvart få innhald på ord og uttrykk i boka og på den måten få ei utvida forståing av det som blir fortalt. Vi nyttar biblioteket som er ein god samarbeidspartner for barnehagane.

Mål for barnehagen	Teikn på god praksis	Tiltak
1.Barna skal få hjelp og støtte til å utvikle eit godt språk.	Tilsette som leser, syng, rim/reglar for og med borna kvar dag. Personalalet har auka kunnskap om barn si språkutvikling.	Ha faste språk- og lesegrupper. Skape gode felles opplevelingar gjennom samling og song. Bruke dagtavle med bilde og tekst.
2.Bruke teikn til tale i samling og kvardag situasjonar. Alle små og store har sitt eige teikn for namnet.	Tilsette som er deltagande i leiken og støttar det språklege mangfaldet vi har gjennom å bruke teikn til støtte, samt ASK og konkretar. Borna er aktive deltagarar i kvardagssamtalen. Dei brukar stemma si – snakkar i gruppa. Ha den «gode samtalen» der barna blir "bada i språk".	Støtte barn verbalt, ikkje-verbal kommunikasjon via teikn, bilde og kroppsspråk, blikk m.m. Skape eit variert språkmiljø o bruke TRAS for å fange opp vanskar. Synleggjere språkleg mangfold.
3.Tilsette skal få trygghet i pedagogiske val for å lukkast med språkarbeidet for alle barna samt språkleg mangfold.	Barn som strevar med språket sitt blir fanga opp tidleg. Ein møter barn og vaksne med respekt og forståing for ulik bakgrunn.	Kollegarettleiing. UDIR sine språkløyper. Ha bokstavar og tekstu synleg.

Teikn til tale - ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon)

ASK er ein samlebetegnelse for alle kommunikasjonsmåtar som brukast i tillegg til eller i staden for vanleg tale hos personar som ikkje kan uttrykke seg tilfredsstillande gjennom tale åleine. ASK er støtte til talespråket og kan vere både i form av biletar og teikn til tale. I Barnehagen brukar vi teikn som støtte i kvardagssituasjonar. Vi ønskjer at det skal vere naturleg å bruke dette både for barn og vaksne. Slik kan vi hjelpe barna til lettare å kunne uttrykke seg. Alle vaksne og barn har kvar sitt teikn og vi har faste teikn for kvar månad etter tema. Språkleg og sosialt sterke barn er den beste læring for barn seg imellom. I Rammeplan for barnehagen står det at «*barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk*», og «*vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling*».

For barn som har behov for eller bruker ASK er opplæring i bruk sentralt. Det seiast også at ASK er nødvendig for nokon, men bra for alle.

2. Relasjonskompetanse – sosial kompetanse – Vennskap

Mål: Alle skal ha vennar å leike med.

Barna i gruppa skal ha eit positivt og inkluderande forhold til kvarandre.

Barna skal vise omsorg, vere høflege og hjelpe kvarandre.

Mål i barnehagen	Teikn på god praksis	Tiltak
1.Skape den autoritative barnehagen	Varme grensesettande vaksne som samhandlar med det medverkande barnet.	Jobbe aktivt med opplegget «være sammen» Vennebenk og vennekort.
2.Kvart barn skal verte sett med gode auger og få stadfesta sin eigen identitet.	Alle engasjerer seg i leik og samspel. God plass å være for alle.	Autoritative vaksne. Kollegarettleiing Dele kunnskap og erfaring med kvarandre
3.Leiken skal ha ein sentral plass og fremje vennskap og fellesskap.	Personale er nær og tilstade i leik og samspel, og kan være til hjelp og støtte ved behov.	Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike former for leik.

Vennskap er ein viktig del av kvardagen vår. Vi ønskjer å auke bevisstheita til ungane; kva er ein venn? Korleis er vi med kvarandre? Korleis blir vi venna? Smile, gi klem m.m. Vennskaps relasjonar mellom barna spelar ei sentral rolle for å fremje læringsmiljøet og trivselen. Samt fremjar det evna til kommunikasjon og følelsen av tilknyting og identitet. Vennskap og gode relasjonar er ein viktig dimensjon i livet vårt. Den vaksne skal vere ein varm relasjonsbyggar til barnet og utøve tydelege krav og grenser. Sosial kompetanse omhandlar korleis vi omgår kvarandre. Leik heng sterkt saman med sosial kompetanse. Vi ønsker at barna skal verte gode i leik. Då må ein fokusere på sosial kompetanse.

Sosial kompetanse handlar om 5 faktorar:

Samarbeid	Ansvar	Empati	Sjølvhevding	Sjølvkontroll
* Vente på tur * Dele * Hjelpe * Følge reglar og beskjedar	* Viser respekt * Tek ansvar * Viser tillit til andre	* Viser omtanke * Lyttar * Roser andre * Respektera	*Be om hjelp *Ta kontakt og initiativ * Ha eigne meningar	*Å utsette eigne behov *Å styre aggressjon og sinne *Å finne gode måtar å reagere på

3. Livsmestring

Livsmestring – Trygt og godt barnehagemiljø

Livsmestring og helse omfattar relasjonar og arbeidet med å førebygge mobbing. Å høyre til og vere ein del av fellesskapet er essensielt og grunnleggande for alt det andre vi held på med i barnehagen.

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosiale ulikheiter. Barna si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivast og opplever livsglede, meistring, og ei kjensle av eigenverdi, og den skal førebygge krenkingar og mobbing.» (Rammeplanen, 2017, s. 11).

Barnehagen har store moglegheiter til å utgjere ein forskjell for barn. Det er mange faktorar som bidreg til livsmestring. Gode relasjonar, positive følelsar, støtte til regulering av negative følelsar og meistring. Målet er i samarbeid med heimen å legge eit godt grunnlag slik at barna står rusta til å møte verda og mestre livet. Både for seg sjølv og som ein del av gruppa i barnehagen, som ein dag blir den store gruppa vi kallar samfunnet.

Mål for barnehagen	Teikn på god praksis	Tiltak
1.Trivsel for små og store med trygt barnehagemiljø.	At alle har lyst og gleder seg til å kome i barnehagen. Barna er trygge på alle vaksne. Stabilt	Alle ha god relasjonskompetanse og utøve varme. Aktiv bruk av løvelova. Barna er trygge på

	personale og godt arbeidsmiljø.	alle vaksne. Stabilt personale og godt arbeidsmiljø.
2. Alle skal oppleve meistring, god sjølvkjensle og få støtte til sjølvregulering.	Autoritative vaksne, alle blir sett og vier tid til alle i gruppa.	Øve og dele kunnskap.
3. Lære barna å ta gode avgjersler for seg sjølv og utvikle evne til kritisk tenking.	Tidleg involvering når noko ikkje er greitt. Bruke ulike metodar frå plan for arbeid med eit godt bhg. miljø.	Øve på problemløysingsmodell CDP. Alle skal ha kurs i plan for barnehagemiljø.

Det handlar om å oppleve oppturar og nedturar. Vi har lenge hatt ein tanke om å skjerme barn for vanskar og utfordringar, men det er viktig at dei får kjenne på alle livet sine sider. I barnehagen skal barna få kjenne på det gjennom trygge vaksne og trygge rammer. Dei skal prøve og feile, meistre motgang og medgang, kjenne på sorg og glede, skape og miste vennskap, oppleve samhald, men også orke å vere åleine. Gjennom erfaringar bygger barna ei oppfatning av seg sjølv, andre og den verda vi lever i og utifrå det kan dei sortere, bearbeide og erkjenne kven dei er. Slik byggast eit sjølvbilde, som er nøkkelen til kor godt du meistrar livet.

Mål: Barna skal utvikle eit godt sjølvbilde. Dei må føle seg verdifulle for den dei er, og dei må få oppleve å høre til og meistring.

Tiltak:

- Gripe moglegheiter i relasjonane. Sette av tid til refleksjon, samtale og bearbeide.
- Stå saman med barna i motgang og medgang. Sette ord på følelsen og rettleie barna.
- Vaksne må være tilstade i barna sitt liv, vere ei trygg hamn og støttande stillas.
- Tett samarbeid med heimen. Veileiding og anerkjennande kommunikasjon.
- Det skal vere lov å ombestemme seg eller feile.
- Lydhøye, observante og merksame vaksne som skal gje omsorg, trøyst og motivasjon.

«Vi blir den vi er gjennom å spegle oss i andre sine reaksjonar på oss sjølv». (G. Mead.)

Barnehagen skal bidra til at dei føler seg sett og anerkjende for den dei er og sin verdi i fellesskapet. For å være gode vaksne for barn og sikre eit inkluderande barnehagemiljø må vi ha både **HODET** (kunnskap og erfaring), **HJERTET** (haldningar og verdisyn) og **BEINA** (handling og motivasjon) med oss. Dette blir eit viktig fokus komande barnehage år.

Danning

Barnhagen skal fremje danning. Danningsprosessen handlar om å tilegne seg verdiar, normer, tankar og handlingsmåtar som er viktige for å kunne delta i ”felleskapen”.

Ein viktig del av prosessen er å støtte barna i utviklinga av god sjølvkjensle. Det er ein livslang prosess som blant anna skjer gjennom leik, utforskning og samspel. Ved å styrke barnet si robustheit opparbeidast handlingskompetanse som er nyttig for å takle situasjonar og utfordringar.

Robuste barn

Å vere robust er å kunne takle både medgang og motgang. Det handlar om å kunne seie ifrå og gjere motstand når noko ikkje er greitt, men også å høre på eigne førelsar og kjenne på eigen sårbarheit.

Eit robust barn er eit barn som føler seg trygg. Den fungera som ein buffer i møte med litt motgang. Å skape robuste barn er eit godt grunnlag for god psykisk helse. Barn vil møte ubehag og utfordringar både i kvardagen og i framtida, og vi kan ikkje skåne dei for dette. Vi ønsker å ruste barna slik at dei blir i stand til å finne eigne løysingar som kjennes bra for dei. Vi vaksne ønsker å hjelpe barna til å

oppdage og bli kjent med eigne ressursar og kva dei kan klare. Vi gjer det gjennom oppmuntring, motivasjon og positiv spegling i barnehagen. Leik og læring i trygge relasjonar skapar robuste barn.

Vi jobbar for at alle barn får:

- Kjærleik
- Sunne grenser
- Forventningar (ting du veit dei meistrar)
- Passande utfordringar med jamne mellomrom
- Hjelp til å regulerer følelsane sine
- Eit positivt klima, humor, tull og tøys
- Positiv merksemd.

Dei sju helserettigheitene ved Arne Holte kan vere viktige prinsipp for ei god psykisk helse og grunnleggande robustheit hos alle:

- Identitet og sjølvrespekt (følelse av at du er noko og har verdi)
- Meistring i livet (følelsen av at du duger til noko)
- Tilhøyrslle (følelsen av å høyre til nokon og høyre heime ein plass)
- Tryggheit (følelsen av at du kan tenke, føle og handle utan å være redd)
- Meining i livet (følelsen av at du er en del av noko større og at nokon treng deg)
- Deltaking og involvering (følelsen av at det spelar ei rolle for nokon kva du gjer og ikkje gjer)
- Fellesskap (følelsen av at du har nokon du kan dele tankar, følelsar og erfaring med. Du er ikkje åleine).

Fire vegar til robuste barn

1. **Fasthalde normer og rammer for barna:** som å seie at «her i huset hjelper alle til med å ta av bordet», eller «i vår familie bære vi handleposane sjølv eller henge opp jakka og sykkelhjelmen sjølv»
2. **Involvere barna:** Gi dei eigarskap til normene ved at dei verte involverte og er med på å ta avgjersler, slik at dei også verte forplikta til det dei gjer.
3. **Ha fokus på prosessen meir enn resultatet:** I staden for å seie så *flink du er*, så sei heller kva *synes du om det? Korleis gjekk det? Fortel meg om teikninga di? Kvar fekk du ideen frå?*
4. **Nær vær:** speil barnet sine følelsar og vær i følelsen sammen med dei. I staden for å kommandere barnet til å legge seg når det ikkje vil, så sei heller: *Du er trøtt, men har det så gøy. No hjelpe eg deg av med kleda, så kan du legge deg.* Eller; *No begynn du å rydde, så ser eg etter deg om tre minutt.* Gå over brua til barna sine følelsar, men hold fast ved normene.

Kilde: Professor og tidligere forskningsleder Per Schultz Jørgensen.

Sjølvregulering

Allereie i tidleg alder opplever barn ei enorm utvikling i sjølvregulering. I alderen 3-5 år byggast grunnmuren for sjølvregulering. Det handlar om evna til å styre og regulere våre følelsar, tankar og handlingar. Vi treng sjølvregulering for å konsentrere oss, løyse problem, planlegge og gjennomføre oppgåver. Det er også viktig for utvikling av sosiale ferdigheter i leik og samspel med andre barn.

Det kan enkelt seiast at det handlar om vår evne til å tenke før vi handlar. Vi treng å regulere oss kvar dag. Det hjelper oss med å nå våre mål og tilpasse oss sosialt. Mange barn treng hjelp til å regulere følelsane sine. Derfor har vi fokus på følelsar i år og eit undervisningsopplegg som heiter “Livet og sånn”.

4. Følelsar er hovudtema gjennom året for begge avdelingar.

Følelsar blir hovudtema gjennom heile året og vi vil bruke opplæringsmateriale som bidreg til å styrke kompetansen vår til å jobbe med oss sjølve som vaksne og direkte med barna. Foreldre kan også finne gode og støttande tiltak når følelsar kjem til utrykk heime. Materialet er å finne på:
www.livetogsann.no



Dette er ein del av Helsedirektoratet sitt program for folkehelsearbeid i kommunane. Det skal styrke og fremje psykisk helse, skape trygt og godt miljø og forhindre mobbing.

Korleis vi møter ulike følelsar hos barn har mykje å seie for barnet si sosiale og psykiske utvikling. Validering er ein måte å bekrefte barnet sine følelsar på, slik at barnet skal føle seg forstått og kunne handtere følelsane sine.

Korleis validerer ein:

- Følelsar treng å bli sett – at vi legger merke til at den andre føler på noko.
- Følelsar treng å bli satt ord på – vi viser at vi forstår kva den andre kjenner på.
- Følelsar treng å bli bekrefta – at vi viser at det gir mening at den andre reagerer.
- Den andre treng å få eit behov møtt - enten det er trøyst, tryggheit, bekreftelse eller å sette grenser for seg sjølv.

“Livet og sånn” er delt inn i tre deler :

Ein jobbar med ulike modular, der det er video, diskusjon og refleksjonsspørsmål,



Barna:

- **Følelsane:** glad, trist, sint, redd, ro, iver, skyld, skam.
Hjelpe med følelsar og følelsar er bra å ha.
- **Barnehagevenner:** Mobbing, konfliktløysing og unnskyld.
- **Familie og mangfold:** 12 ulike familie og våre familie.
- **Vondt og vanskeleg:** Krangling heime, kropp og grenser, flukt frå krig, vald i heimen, bu hos andre, seksuelle overgrep, barn som pårørande til rus og sjukdom, døden og barnevernet.

Personalet:

- God vaksen for barn
- Forstå barnet – mentalisere (sette seg inn i barnet sin situasjon)
- Toleransevindu
- Ulike barn – ulike behov
- Reparer relasjonen (unnskyld)

- Forvirrande følelsar
- Grensesetting for god utvikling
- Roe ned sinne, så barn kan vere trygge
- God beskjed.

Vi kan møte barn sin veremåte og handlingar på ulike måtar. Reaksjonane våre på det dei seier og gjer, kan påverke både handlingar og veremåte vidare. Også sjølvfølelsen vår blir forma etter korleis andre ser på oss, snakkar til oss og er med oss. Difor er det viktig at vi er medvitne korleis vi er i møte med barn.



Heimane: Ulike tema økter som:

- Ulike barn, ulike behov
- Tydeleg og god voksen
- Trygg voksen for barn
- Følelsar i kvardagen
- Forstå og juster.

Vi vil bruke nokre av desse modulane på foreldremøtet på haust og vår. Samt sende litt videolinkar til foreldre slik at dei ser kva vi jobbar med.



Ny mobbelov barnehagane

Frå 1. Januar 2021 kom det ei lovendring i «lov om barnehagar» om det psykososiale barnehagemiljøet. Den forpliktar barnehagane til å ha nulltoleranse mot mobbing og tydelegare reglar for handtering. Lovendringa inneber ei aktivitetsplikt som krev at barnehagane følgjer med på korleis barna har det og undersøkjer og set inn tiltak når personalet har mistanke om at eitt eller fleire barn ikkje har det bra. Det har vorte innført ei skjerpa aktivitetsplikt ved mistanke om at personale krenker barn, og at barnehagane blir forplikta til å ha nulltoleranse mot krenkingar som utesenging, mobbing, vold, diskriminering og trakkassering. Vidare verte det innført krav om at barnehagane skal ha internkontroll for å sikre at dei følgjer loverk og føreskrifter, inkludert rammeplanen og det nye regelverket mot mobbing. Det er her viktig å involvere foreldra i arbeidet med å skape vennskap, trivsel og førebygge mobbing i barnehagen. Det er viktig å vere ein gode rollemodell også heime gjennom språk og handlingar fordi barna lærer ofte åtferd av sine foreldre. T.d. er ein flink nok til å sjå andre sine barn og bidra til at dei verte inkluderte i leik og aktivitetar? Korleis snakkar ein om barnehagen og andre barn når ein er heime?

Barnehagen sine tiltak i høve inkludering /mobbing

Herøy kommune ved oppvekstavdelinga har laga ein plan for arbeid med barnhagemiljø 2021/2022. Alle vaksne skal ha hatt opplæring i planen. Det er ute lukkande dei vaksne sitt ansvar å hindre mobbing i barnehagen. Ein har ei plikt til å følgje med og varsle. Alle barn skal ha eit trygt og godt miljø i barnehagen og dersom barn ikkje trivast så har ein ei plikt til å gripe inn, undersøkje og sette inn tiltak. Fokus på det inkluderande miljøet ved å jobbe med:

- Observasjon – følgje med – sjekke ut om barnet trivast
- Fokus på nære, tilstade vaksne og deira haldningar
- Sikre at alle barn har venner og leikar
- Ha bevisst haldning til inkludering og empati
- Felles tema om inkludering, empati, respekt, toleranse, ulikskap og mangfald
- Gi barna meistringsfølelse og god sjølvfølelse gjennom å fokusere positivt slik at dei blir sterke og trygge i seg sjølv
- Konfliktløysing. Jobbe med å finne løysingar i staden for å fordele skyld.

Typiske trekk ved dei ulike aldersgrupper

	ALDERSGRUPPER
1-åring	Eittåringen møter verda med heile kroppen. Det meste dei møter på er noko nytt som må observerast og studerast nøye, gjerne med å sjå på, smake på, kjenne på og lytte til. Gjennom å møte verda på denne måten samlar eittåringen viktige erfaringar og kunnskap om alt rundt seg.
2-åring	Toåringen er utforskande og nysgjerrig på verda, og vil veldig gjerne vere sjølvstendig. Toåringen har behov for ei god hand å holde i, oppmuntrande ord og trøyst når ting ikkje blir heilt som barnet har planlagt. For toåringen vil gjerne gjere alt sjølv, og frustrasjonen over å ikkje få det til kan ofte vere veldig stor. Toåringen er aktiv og utfordrar seg gjennom bruk av kroppen i leik og utforsking. Barna i denne alderen har gjerne ein leikekultur der barna hermar etter kvarandre og gjentar leikehandlingane om og om igjen. Toåringen likar å utfolde seg. Tumleleiken der ein kan få fri plass til å herje og springe er ofte det denne aldersgruppa likar å gjere aller mest. «Nei» er eit viktig ord i toåringens liv. Gjennom å si nei uttrykker barnet sjølvstendigkeit og eigen vilje.
3-åring	Barna i denne alderen leikar ulik type rolleleik, dei er opptatt av familieleik og ulike yrkesroller. Barna i denne alderen ønsker å vere sjølvstendige og er opptatt av å klare ting sjølv. Denne perioden av livet er prega av utforsking, nysgjerrigkeit og utprøving av grenser. Alt dette for å finne ut av: «Kven er eg?». Barnet begynner å bruke alt det som er lært dei første leveåra, fullt ut. Treåringen set ikkje alltid seg sjølv i sentrum lenger, og vi jobbar med empati og omsorg for andre. Slik som det å trøyste nokon som har det låkt eller er lei seg. Viljen er enno sterk hos treåringen og konfliktløysing står difor også sentralt i arbeidet med denne aldersgruppa. Med språket utviklar også leiken seg. Frå å vere svært fysisk aktive i leiken der dei hermer etter kvarandre, eller leiker parallelt, leiker treåringane meir saman og utviklar leiken saman med kvarandre med bruk av språket. Vi ser at det å gå inn i roller og å vere nokon andre enn seg sjølv er spennande for treåringen.
4-åring	Ein fireåring vil vite alt og spørje om alt. "Kvifor det?" beskriv fireåringen godt. Barn i denne aldersgruppa er i ei rivande utvikling. Dei er nysgjerrige, undrande og utforskande. Fireåringen grublar på alt mellom himmel og jord. Filosofi og undring vil vere eit sentralt område for oss å jobbe med når det kjem til denne gruppa, slik at dei betre kan forstå verda rundt seg. Språket vil for mange barn i denne alderen vere godt utvikla og dei har ein større forståing for korleis ting heng saman. Vi jobbar mykje med sjølvstendigkeit og er opptatt av å rettleie barna i ulike kvardagssituasjonar. Det å tørre å vere i fokus og snakke i og framfor ei gruppe, er sosiale ferdigheter som er viktig å ha seinare i livet. Samlingsstund og leikegrupper er arenaer der barna får moglegheit til å øve seg på akkurat dette. Fireåringen elskar fysisk aktivitet, og frydar seg over kva han/ho meistrar.
5-åring	Vennskap er ein viktig del av ein femåring sitt liv. Fellesskapsfølelsen til gruppa har større betydning enn tidlegare. I denne perioden vert vennskapsband knytt sterkare til den einskilde. Dei er i ein alder der språket utviklar seg raskt, dei lærer nye og vanskelegare ord. Dei får også ei begynnande interesse for tal, bokstavar, rim og tulleord. Humor er noko femåringen har begynt å forstå og bruker meir, på ein meir gjennomtenkt måte. Femåringen er inne i ein periode der det kriblar i kroppen, litt ukontrollerte rørsler. Dei har eit stort behov for å vere i bevegelse. Vi kan også sjå tendensar til at dei blir lettare fornærma, det er ei brytingstid for dei. Siste året i barnehagen og snart skuleklar, dette pregar femåringen sin kvardag. Det er tradisjon at dei eldste i barnehagen får fleire og annleis opplevelingar enn dei yngre. Dette skaper forventningar til det å vere i førskulegruppa. Det blir også forventa meir av dei og det blir sett fokus på sjølvstendigkeit og samarbeid. Dette fordi dei skal få ein best mogleg overgang til skulen. Vi må også trygge dei på å ta imot kollektive beskjeder og at dei greier å gjennomføre det dei har fått beskjed om.

Berekraftig utvikling og helse.

Rammeplanen seier at barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftig samfunn. Det omfattar at barna skal lære seg å ta vare på livet på jorda, både menneske, omgivnadane og natur.(Jmfr rammeplan side 10)

I Bergslia fokuserer vi på miljøet. Vi sortera søppel og dreg på miljøstasjonar slik barna får kaste på rett plass. Vi ryddar i naturen og overfører ei bevisst haldning i å spare miljøet ved å redusere avfall, energi, dyrking og matsvinn.

Barnehage fremjar helse gjennom å vere ein god arena for dagleg fysisk aktivitet og utvikle sunne helsevanar gjennom måltid og matlaging.

Vi brukar ”Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i barnehagen” og er bevisst på maten vi servera. Vi har varm mat som havregraut t.d til frukost, eit varmt måltid til lunsj i veka samt veksla mellom grovt heimebakst og brødvarer.

Matjungelen er eit opplegg som vi har sett på og der barna får anledning til å vere kreativ på kjøkkenet, utforske nye råvarer, bli kjent med nye smakar og lære meir om et næringsrikt og berekraftig kosthald.

Aktivitetane dekker områder som matkultur, måltidsglede, mat mot, naturen sine ressursar og matlaging.



Velkommen til Marihøna 0-3 år


I barnehageåret 2024-2025 vil det vere til saman 15 barn på avdelinga, der barna er født i 2022 og 2023. Småbarnsavdelinga er for mange det første møtet med barnehagelivet. Overgangen frå det trygge «heimelivet» til det meir ukjende i barnehagen kan for mange barn vere stor. Ein trygg, tilrettelagt og omsorgsfull start er fundamentet for ei god barnehagetid. Derfor brukar vi god tid på tilknyting. Barna skal bli trygge, bygge relasjonar og øve seg på samspel både med nye vaksne og jamaldringar. I tillegg vil godt foreldresamarbeid, dialog og fokus på barnets beste stå i sentrum. Vi har god kunnskap, gode rutinar og erfaringar for å gi barn og foreldre dei beste forutsetningane for å starte barnehagelivet.

Det å kunne dele barnegruppa gjennom dagen, er med på å gje eit godt grunnlag for det sosiale miljøet på ei småbarnsavdeling. Så kvar føremiddagen har vi fast gruppedeling, der barna blir delt i to grupper -Solsikkene og Blåklokken. Desse gruppene blir også delt inn i mindre grupper, slik at vi får moglegheit til å sjå kvart enkelt barn og bygge tettare relasjonar. I mindre grupper ser vi at det er færre konfliktar, meir ro og lettare for barna å øve seg på dei sosiale ferdighetene som t.d. vente på tur og samarbeide. Gruppedelinga er og med på gi barna gode moglegheiter for å øve seg på blant anna på det språklege saman med andre, øve leikekompetanse og bygge vidare relasjonar til små og store. Det å vere i ei lita gruppe er og med på å skape tryggleik og forutsigbarheit for dei yngste i barnehagen.

Barna vil møte vaksne som er engasjerte og deltek i deira sin leik, samspel og utforsking. Det å ha eit trygt fang som barna kan kome til når dei treng det er med på å gi tryggleik for det einskilde barnet. I leiken er også den vaksne støttande, leikande og hjelper barna til å skape gode relasjonar og vennskap med andre barn.

Gjennom dagsrytme og vekeplan sikrar vi ein forutsigbar kvardag for dei yngste barna i barnehagen, i dette ligg også ei vektlegging på barna sin innflytelse og medverknad i kva prosjekt og tema-arbeid som skal ligge til grunn for det pedagogiske arbeidet på avdelinga vår.

Når du startar i Bergslia Barnehage vil du få god informasjon, både om korleis vi jobbar, pedagogikken vår og kvardagslivet i barnehagen. Slik kan du vere trygg på at barnet ditt blir ein del av eit godt, leikande, lærande og utviklande barnehagemiljø med høg kvalitet.



Dagsrytma på Marihøna	
07:00	Barnehagen opnar.
07:45	Frukost (ferdig kl.08:30)
08:30	Leike tid på avdelinga
09:15	Ryddetid
09:30	Samling stund/ delt gruppe Gruppedeling/ ute eller inne
10:00	Handvask, bleieskift ,toalett besøk
10:45	Lunsjmåltid (Blåklokken)
11:00	Handvask, bleieskift, toalettbesøk
11.30	Lunsjmåltid (Solsikkene)
11:30- 14.00	Kviletid Pauseavvikling Bleieskift
14:30	Eftermiddagsmåltid
14:45	Leik/Aktivitetar ute eller inne.
16.45	Barnehagen stenger.

Tema på Marihøna			
Månad	Tema	Mål	Aktivitet
August	Tilknyting, tryggheit og bli kjent	Barna skal bli trygge i barnehagekvarldagen	Leik og aktivitet Bli kjent inne og ute i barnehagen
September	Bli kjent, tryggheit, relasjonar og leik Brannvern Bø og Bæ Haust	Vi arbeidar ekstra for å knyte nære relasjonar og bygge gode samspelssituasjonar. Bli kjend med årstidsforandringar Lære om brannvern	Dagle gruppdelingar. Turar i nærmiljøet Aktivitetar til tema/satsingsområde Brannvern, barna blir kjende med Bjørn.
Oktober	Være saman Livet og sånn. Følelsar. Forut aksjon	Bli kjent med dei ulike kjenslene våre Øve på å dele, vente på tur og hjelpe kvarandre	Dagle gruppdelingar Aktivitetar til tema/satsingsområde Forut aktivitet
November	Være saman Livet og sånn Advent	Adventslys og omtanke	Dagle gruppdelingar Aktivitetar til tema/satsingsområde «Være Saman»: Småbarnspakken.
Desember	Advent og juleførebuingar. Høgtid	Få innsikt i advent og juletradisjonar. Bli kjent med nissen	Adventssamling Julekalender Aktivitetar til tema og juleverkstad.

Januar	Vinter og snø Eventyr	Oppleve snø/ vinter	Aktivitetar til tema/satsingsområde Snøaktivitetar
Februar	Fargar Karneval Snø	Få innsikt i ulike fargar og oppleve karneval og kle seg ut (vere ein annan) Oppleve snø og vinterårstida	Aktivitetar til tema/satsingsområde Karnevalsfest Eventyr om fargar Vinter- og snø aktivitetar
Mars	Kroppen Førstehjelp Vår Bhg. dagen	Få innsikt i ulike delar av kroppen. Bruke kroppen vår. Bli kjend årstida våren	Aktivitetar til tema/satsingsområde Markere Bhg. dagen Gå på tur Sjå etter vårteikn ute
April	Påske Vår	Bli kjent med påsketradisjonar Vi undrar oss over forandringar i naturen.	Aktivitetar til tema/satsingsområde Påskeaktivitetar Påskefrukost Sjå etter vårteikn når vi er på tur
Mai	Vår 17. mai	Vi ser på kva våren har å by på. Bli kjend med 17. mai Trafikk	Aktivitetar til tema/satsingsområde 17. mai aktivitetar Fokus på trafikken når vi går på tur
Juni	Sommars og uteliv	Vi opplev sommaren Undre oss over vi finn ute i naturen	Aktivitetar til tema/satsingsområde Sommaraktivitetar Uteleik
Juli	Ferie	Ferie	Ferie

VELKOMMEN TIL HAKKEBAKKEN, 3-6 ÅRS AVDELING

Hakkebakken er ei avdeling med 21 barn i alderen 3-6 år. Inneverande år er vi 12 jenter og 9 gutter.

Vi har delt gruppa inn i fire; **ROSA** - 6 barn **BLÅ** - 8 barn **GUL** - 4 barn **GRØN** - 4 barn. Rosa og blå er ein del i lag i løpet av veka og gul og grøn er ein del i lag. Å kunne dele dei 21 barna i mindre grupper deler av dagen er viktig for å kunne kome nærmare barna og å kunne gi dei eit meir tilpassa opplegg i høve alder. Barn leikar og trivast ofte best i små grupper. Vi ser at barn i ei lita gruppe opplever færre konflikte enn i større grupper, det er meir ro, noko som aukar konsentrasjon- og innlæringsevna. På denne måten er det lettare å fordjupe seg i leik og aktivitetar. Smågruppene skal sikre at alle barn blir sett oftare. Det er også lettare å trenre sosiale ferdigheiter som å vente på tur, samarbeide og liknande i ei lita gruppe. Vi opplever at barn brukar meir språk når det ikkje er so mange rundt dei. Vi trur at barnas veg ut i den store verda bør starte i eit lite og oversiktleg miljø der dei kan leike og utvikle seg i tryggheit.

TEMA PÅ HAKKEBAKKEN

Månad	Tema:	Mål
August	Tilvenning Vennskap	<ul style="list-style-type: none"> Tryggheit, bli kjente med kvarandre og rutine Bli kjende med kvarandre
September	Kroppen Brannvern, veke 38 Haust - spadag	<ul style="list-style-type: none"> Gi barna kjennskap til dei ulike kroppsdelane og organsistema Få innsikt i brannførebygging og kunnskap om kva ein skal gjere dersom brann oppstår Gi barna kjennskap om endringar som skjer i dei ulike årstidene
Oktober	Trafikk Refleksdagen Forut	<ul style="list-style-type: none"> Gi barna kjennskap til trafikk og gjere dei trygge på å ferdast i trafikken Å bli kjent med historia til fattige men lykkelige barn og vaksne i Malawi.

	Høst “Livet og sånn”: Glad og Trist	<ul style="list-style-type: none"> Bli kjent med endringane i naturen Bli kjent med følelsane glede og tristhet.
November	Farsdag Adventstid “Livet og sånn”: Sint og redd	<ul style="list-style-type: none"> Lage farsdagskort Adventstid med lys og omtanke Bli kjent med følelsane sint og redd
Desember	Advent og juleførebuingar. Høgtid	<ul style="list-style-type: none"> Få innsikt og kunnskap om høgtida Glede og omtanke ved å gi og få - gaver Få oppleve julebord, nissefest, adventsfest, julevandring i kyrkja, lucia
Januar	Eventyr Vinter “Livet og sånn”: Ro og iver	<ul style="list-style-type: none"> Gjere barna kjende med ulike tradisjonelle eventyr som ein del av barnekulturen Gi barna kjennskap om endringane som skjer når det er frost og snøv Bli kjent med følelsane ro og iver
Februar	Fargar Samefolkets dag 6. Morsdag Karneval “Livet og sånn”: Ro og iver	<ul style="list-style-type: none"> Gjere barna kjend med ulike fargenamn, blanding av fargar Gjere barna kjend med samefolket og samisk tradisjon Lage morsdagskort og kle oss ut Bli kjent med følelsane ro og iver
Mars	Barnehagedagen Påske “Livet og sånn”: Skyld og skam	<ul style="list-style-type: none"> Setter fokus på barnehagen gjennom å vise kva vi jobbar med Lære om kvifor vi feirer Påske. Våren og nytt liv Bli kjent med følelsane skyld og skam
April	Førstehjelp-Henry Vår Russedåp “Livet og sånn”: Oppsummering alle følelsane	<ul style="list-style-type: none"> Lære grunnleggende førstehjelp og om å trøste og hjelpe kvarandre Gi barna kunnskap om blada som sprett, varmen som kjem tilbake og insekta som voknar til liv Kjenne på stoltheita på at det er siste året i barnehagen
Mai	Grunnlovsdagen 17.Mai Frigjeringsdagen 8.mai Rosaruss Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> Gjere barna kjend med bakgrunnen for at vi feirar 17.mai. Få høyre om kongefamilien og landet vårt, Noreg Gi barna kjennskap til frigjeringsdagen Tradisjonell markering av barnehageslutt Gi barna kjennskap og gjere dei trygge i trafikken
Juni	Sommar Uteleik / tur Insekt	<ul style="list-style-type: none"> Gi barna kjennskap til endringane i ulike årstidene Gå turar i nærmiljøet Studere og lære om innsekt

DAGSRYTMA PÅ HAKKEBAKKEN

Klokke	Aktivitet	Mål
7.00 – 8.30	Ta imot barn og snakke med foreldre. Leik	Møte barn og foreldre på ein god måte slik at dei får ein så god dag som mogleg. Utveksle info som barnet sine behov.
07.45 - 08.30	Frukost	
8.30 – 9.00	Inneleik, språk og bordaktivitar som spel, perle, teikne.	Ein roleg start på dagen.
9.00 – 9.10	Ryddetid	Alle må rydde leiker og utstyr vi har teke fram og valt å leike med.
9.30 – 9.45	Garderobesamling	Ha fokus på dato, dag, vær, kva slags kle vi treng å ha på ute i dag. Synge, ha litt om månadens tema og få ein gulrot og eplebit
9.45 – 11.00	Delte grupper som har ulike aktivitetar.	Lære samarbeid i mindre grupper gjennom ulike aktivitetar; tur, forming, «være sammen», lage mat, forskuleklubb, eksperimentering/forsøk, bading, bygge/konstruksjonsleik, rolleleik, frileik
11.00 – 11.30	Songstund og gå på do før lunsj	Lære songar, tote seg fram på golvet og bevege seg, tote å stå framfor heile barnegruppa med solosong og øve på å få spørsmål og kunne svare, lytte til andre o.s.v.
	Kvilestund	Finne roa ved å legge oss på golvet og lytte til rolig musikk og lydbok
11.30 – 12.00	Lunsj	Site roleg på stolen, ete mat i ein sosial setting i lag med vennane sine, be om meir skive, melk, greie å gjere seg forstått i høve kva dei vil ha på skiva, kva dei likar og ikkje likar, tote å smake på mat dei trur dei ikkje likar. Snakke med vanlig stemme og vere med å skape ei god atmosfære rundt eit matbord.
12.00 – 12.30	Påkledning	Kunne gradvis greie å kle på seg sjølve. Drage opp glidelåsen, ha på støvlar og hue, be om hjelp på det som er vanskeleg.
12.30 – 14.00	Uteleik og pauseavvikling	Kunne velge fritt kva og kven dei vil leike med ute og ta med andre i leiken som dei ser går åleine.
14.30 – 14.45	Fruktmåltid skive/knekkebrød, yoghurt, grove vafler	Site fint ved bordet ute eller inne og ha ei god atmosfære i lag med vennane sine.
14.45 - 16.45	Leik ute/inne og borna blir henta. Delvis rydding av utelekene.	Borna må rydde litt leiker når dei blir henta. Informere foreldra om korleis dagen til barnet har vore.

VEKERYTME

Dag	Aktivitet	Mål
Måndag	Rosa: forskuleklubb, språk, minitrompet Blå: språk, leik Gul og grøn: Uteleik	Verte forberedt til skulestart. Bli sikrare på språklydar, forstå betre innhald på ord, øve å vente på tur i spel, jobbe med puslespel.
Tysdag	Rosa: forskuleklubb Blå: Uteleik Gul og grøn: språk og lesegrupper. Leik	Kunne greie å gå på tur i nærområdet. Øve trafikkreglar. Lytte til det den vaksne seier og gjennomføre. Ha anledning til å kunne forstå og greie å gjennomføre t.d. puslespel, lottospel, lytte til bøker med ulikt innhald og på den måten utvide ordforrådet sitt.

Onsdag	Rosa – bading/førskuleklubb annakvar veke Aldersblanda grupper	Verte trygge i vatn, øve av- og påkledning i garderobe, høyre etter og gjøre det badeinstruktørane seier. Ha anledning til å kunne forstå og greie å gjennomføre t.d. puslespel, lottospel, lytte til bøker med ulikt innhold og på den måten utvide ordforrådet sitt.
Torsdag	Rosa og blå: Tur Gul og grøn: baking og forming	Kjenne og utvikle kunnskap om gjærbakst. Få kjennskap til ulike formingsmaterialer. Bli kjend i nærområdet til barnehagen.
Fredag	Gymsalen i kyrkja annakvar fredag Fellessamling ein gong i mnd. Rosa og blå: Forming og matlaging Gul og grøn: Tur	Lære at dei ulike gruppene gjer ulike ting.

Førskulegruppa

Læring gjennom leik er ein metode som blir nytta gjennom heile barnehagetida. Siste året før skulestart blir denne metoden utvida til å forvente meir av dei fordi dei no er eldst og er nokon dei yngre barna ser opp til. Det er alltid like stort å vere eldst i barnehagen og dei er veldig klare for ansvaret det medfører. Vi jobbar mot å gjere barna meir sjølvstendige og gir meir krav til dei slik at dei lettare kan møte dei krava dei bli møtt med på skulen. Vi jobbar med boka «Trampoline» som tek føre seg skulerelaterte tema som former, måling, plassering, sortering og liknande. I tillegg vil vi jobba med språklydar, fonologisk bevisstheit og rim og regler då dette gir veldig godt utgangspunkt til vidare lese- og skivelæringer.

Førskulegruppa vil også på kjennskap til Ipad der dei skal få opplæring i korleis bruke den på ein tilnærma nær måte som dei vil møte på i skulen. På bading annakvar veke skjer det mykje læring der barna utviklar seg på fleire områder. Frå å vere sjølvstendige i garderoben, til å bli so trygge i og under vatn som det er mulig for den einskilde.

Dei får også undervisning med å spele minitrompet, dette er eit samarbeid gjennom kulturskulen.

Overgangar for barnet

Rammeplanen seier at barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen, når dei bytter avdeling eller dei startar på skulen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. (Rammeplanen, 2017, s. 33)



Oppstart i barnehagen	Overgangar i barnehagen	Overgang barnehage- skule
Sørge for god tid slik at barnet, foreldra og personalet blir godt kjent. Ha faste vaksne på avdelinga slik at det ikkje skal vere så mange å forhalde seg til. Velkomstbrev med litt info kring barnehage, avdeling og oppstart . Lite foreldremøte i juni og invitert på besøk før oppstart. Initiativ til oppstart samtale i løpet av dei første vekene.	Samarbeide på tvers av avdelingane heile året. På våren legg vi opp til besøksdagar og prøver å førebu barna så godt vi kan på overflyttinga. Barna startar på stor avdeling etter ferien Vi overfører informasjon kring barnet mellom avdelingane i forkant av oppstart på ny avdeling og har foreldresamtale etterkvart.	Barnehagen samarbeidar med foreldre og skulen for å legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang til skulen. Barnehagen og skulen utvekslar kunnskap og informasjon. Barna skal bli kjend med skulekvardagen. På våren er dei eldste på eitt skulebesøk Herøy kommune har eigen plan for overgang barnehage- skule.

ÅRSOVERSIKT 2024 - 2025		
	Fridagar / møter	Arrangemang / Markeringar
August	16.08 Planleggingsdag	Tilvenning
September	12.09 Foreldremøte	Brannvern veke (v- 38)
Oktober	15.10 Samarbeidsutval møte 18.10 Planleggingsdag	Kafédag/Forut 29.10
November		10.11 Farsdag
Desember	24.12 -02.01 Juleferie	Adventsfest 13.12 Nisselfest
Januar	02.01 Planleggingsdag	
Februar		09.02 Morsdag 06.02 Samane sin nasjonaldag Karneval
Mars	01.03. Søknadsfrist nye barn 14.03 Planleggingsdag 21.03 Rockesokk	Barnehagedagen i Norge 11.03 Foreldremøte Påskevandring i kyrkja.
April	16.04-21.04 Påskeferie	Påskefrukost 10.04 Påskevandring i kyrkja Svarfrist angåande ferie 29.04 Russedåp Id?
Mai	01.05 Off høgtidsdag 17.05 Nasjonaldag 29.05 Kristi himmelfartsdag 30.05 Planleggingsdag	Russedåp Kjeldsundtur og Anna Olava for førskulebarna. Dugnad
Juni	09.06 Andre pinsedag	Sommarfest 11.06 ? Førskuledag
Julii	Feriestengt veke 30 /31 ?	Nytt barnehageår 07.08

ID

Samarbeid med heimen

"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling" (Barnehagelova. §1. formål, første ledd). Eit godt og tillitsfullt samarbeid med foreldre/ føresette vil vere av avgjerande betydning for at arbeidet vårt i barnehagen skal lykkast. Derfor vil vi legge vekt på å skape ei god atmosfære, og at de skal føle dykk velkomme til barnehagen til ei kvar tid. Vi vil legge stor vekt på å vere imøtekommende, brukarvennlege og fleksible i høve den einskilde sitt behov for sitt barn innanfor dei rammene vil har til rådvelde. Vi er også avhengig av tilbakemelding frå dykk både på det som er bra og det som er mindre bra. Personalalet sine forventningar til foreldra:

- at planar, brev og oppslag verte lest.
- at barna har gode og reine kle til ulikt ver.
- eit smil og eit hei når vi møtast.
- at barnehagen si opphaldstid vert respektert.
- at de tek kontakt når det er noko de ikkje er fornøgd med.
- at de tek omsyn til barnet når det er sjukt. Då har barnet det best heime.
- at de seier ifrå når barnet vert henta av andre eller ikkje kjem til barnehagen.

I samarbeid mellom heim og barnehage er dokumentasjon ein viktig del.

Dokumentasjon

Medverknad frå barna

Vi er opptekne av at barna skal få vere med å medverke i sin eigen barnehagedag. Gjennom samtale, ved å lytte til barna sine behov, i leik og gjennom observasjonar, vil vi fange barneperspektivet og få tak i kva barna meiner om sin eigen kvardag.

Bilde

Vi tek biletar når vi er på tur, bakar, malar, har samlingar eller har andre gjeremål. Dette er og utgangspunkt for samtale med barna om det vi har gjort. Dette er også dokumentasjon for foreldre, slik at dei kan ha noko å prate med barna om etter barnehagen.

Informasjon i gangen

Der vil henge ein del informasjon og bilde på tavle eller på dør i gangen.

Dagleg kontakt og tilbakemelding

Vi møter foreldre og føresette kvar dag ved bringing og henting. Dette er den viktigaste arenaen for utveksling av informasjon mellom heim og barnehage. Vi prøver så godt som råd å vere tilstade då. Dersom vi av ein årsak ikkje får det til, er det foreldra si oppgåve å ta kontakt, slik at vi får ta imot/seie adjø og utveksle informasjon.

Månadsbrev/ plan eller periodebrev/ plan

Når vi er ferdige med ein månad eller ei temaperiode, skriv vi ei oppsummering av det vi har gjort. På same tid deler vi ut ein plan for tida som kjem.



Føresette sine vurderingar.

Når de vert kalla inn til kontaktmøte, er det ein fin arena for at føresette skal ha høve til å kome med sine synspunkt på arbeidet som har vore gjort og eventuelt kome med innspel. I tillegg kan føresette kome med innspel på foreldremøte og kontaktmøte.

Personalet sine vurderingar.

Personalet evaluerer aktivitetar og opplegg på personalmøte/avdelingsmøte ein gong i månaden. Då vurderer vi korleis barna sine opplevingar, interesse og kva dei fortel om opplegga og aktivitetane som utgangspunkt for vidare arbeid. Det er viktig å observere og lytte til det barna er opptekne av og bygge vidare på det i arbeidet vårt.

Kan du løvelova?

Kan du løvelova?

Jeg skal være meg,
men gi plass til andre,
slik at de blir seg,
bry meg om en annen,
hjelpe når jeg kan.
Slik blir livet bedre for barn i alle land!
Ser du en som plages? Det er ikke bra!
Alle må stå sammen om å si ifra!
Alle barn på jorden har den samme rett,
til å være trygge og
til å være sett.



